

Naturvernforbundet Nordhordland  
Hoplandssjøen 74  
5943 Austrheim

12. oktober 2021

Naturvernforbundet Hordaland  
Bredsgården 1E  
5003 Bergen

## **Stortinget må løfta bidraget til kommunedelplanar for naturmangfald betydeleg**

I Stortingsmelding 14 (2015–2016): Natur for livet — Norsk handlingsplan for naturmangfald heiter det:

*Det er således ikke aktuelt å stille krav om en kommunedelplan for naturmangfold, men snarere å oppfordre til og legge bedre til rette for at kommunene tar dette verktøyet i bruk. Et økonomisk bidrag fra staten til utarbeidelse av kommunedelplaner vil være et virkemiddel for slik tilrettelegging.*

Kommunar landet over er i startgropa for utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald, slik regjeringa oppmodar til. For mange kommunar med tronge budsjett er likevel finansieringa eit stort problem, ikkje minst fordi planen krev meir kartlegging av naturtypar og artar.

I stortingsmeldinga flaggar regjeringa økonomisk bidrag til utarbeiding av kommunedelplanar. Det er likevel eit faktum at statlege økonomiske støtteordningar på det næraste er fråverande. For 2021 har Miljødirektoratet sett av totalt 1 million kroner i tilskot til kommunane. Vi har 356 kommunar i landet. Berre nokre få har vedteke kommunedelplan, ofte planar utan oppdaterande kartlegging av naturmangfald.

Arbeidet med kommunedelplanar for naturmangfald er med andre ord sterkt underfinansiert. Når planen kjempar om tid og midlar til andre viktige planar i planstrategien, vert naturmangfaldplanen lett nedprioritert, og naturen tapar. Det er lite motiverande for kommunane å utarbeida planen med berre lommerusk frå staten, stikk i strid med det staten har lovd i stortingsmeldinga si.

Den raudgrøne alliansen på Stortinget varslar taktskifte i arbeidet med naturmangfald og klima. Dette bør speglast att i budsjettforhandlingane til hausten. Vi forventar i den samanhengen at dei raudgrøne lovnadene og Stortingsmelding 14 vert følgd opp med kraftfulle statlege bidrag til arbeidet med kommunedelplanar for naturmangfald.

Naturvernforbundet Nordhordland har vore i kontakt med plansjef og planmynde i fleire kommunar i Nordhordland. Dei teiknar det same biletet av plansituasjonen som vi gjer. Det trengst eit taktskifte i arbeidet med naturmangfald. I det arbeidet er kommunane i førstelinja, men dei etterspør statleg drahjelp.

Naturvernforbundet Nordhordland bed Naturvernforbundet Hordaland ta betraktningane og synspunkta våre vidare til Naturvernforbundet sentralt slik at ein i forkant og under budsjettforhandlingane på Stortinget kan få gjennomslag for eit betydeleg løft for den statlege bidraget til kommunedelplanar for naturmangfald.

Med helsing

Jan Nordø  
leiar  
Naturvernforbundet Nordhordland